



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref

Vår ref

Dato

2017/9850-IDF

10.11.2017

Høyring Forslag om endringer i opptaksforskrifta

Vi viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, datert 14.08.2017 og tilleggsbrev, datert 02.10.17. Universitetet i Bergen (UiB) sender med dette innspel til høyringsforslaga og søknad om endring av opptaksforskrifta frå opptaket 2018.

Innspel til høyringa

UiB har ingen merknadar til høyringsforslaga frå Kunnskapsdepartementet, utover søknadane som blir omtalt nedanfor.

UiB tar til etterretning at forslaget om innføring av forsøksordning med krav om minimum karakteren 4 i fellesfaget matematikk for *Bachelorstudium i samfunnsøkonomi* og *Bachelorstudium i politisk økonomi*, vil gjelde frå opptaksåret 2019/2010.

Tillegg til høyringa – om alderspoeng

I tillegg til høyringa, datert 02.10.17, ber KD institusjonane om å vurdere forslaget om ei endring i opptaksforskrifta §7-10 *Tilleggspoeng for alder*, slik at søkjarar som avsluttar vidaregåande opplæring det året dei fyller 18 får tilleggspoeng frå det året dei er ferdige i skulen.

Totalt utgjer denne gruppa eit lite mindretal av den totale søkjarmassen. Søkjarane i aldersgruppa 19-22 år utgjer i overkant av 50 prosent av den totale søkjarmassen i opptaket, og alle desse kan potensielt ha fått utstedt vitnemålet sitt det året dei fyller 18. Forslaget inneber eit meirarbeid ved at meir enn halve søkjarmassen må sjekkast for at vi skal kunne tildele alderspoeng til ei lita gruppe søkjarar.

Vidaregåande skuler er ikkje pålagde å nytte Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB), og det er dermed ikkje mogleg å gjennomføre ein automatisk kontroll av året vitnemåla er utsteda for alle søkjarar. Vi vil framleis kunne nytte automatisk sakshandsaming for fleirtalet av desse søkjarane om CERES legg til rette for automatisk utrekning for søkjarar som berre har eitt elektronisk vitnemål, og tildeler alderspoeng på grunnlag av året dei gjekk ut av

vidaregåande skule. Det vil i så fall berre vere naudsynt med ein manuell sjekk av alderspoeng for alle søkjarar under 22 år som ikkje har elektronisk vitnemål.

Eit anslag for UiB er at vi i 2017 var sakshandsamar for mellom 5 og 10 søkjarar som var 18 år gamle, dei fleste med elektronisk vitnemål. Avhengig av om CERES har kapasitet til utvikling på feltet, vil dette talet (om det er representativt for alle årskull) medføre at vi vil sakshandsame mellom 500 og 4000 ekstra søknadar, med resultatet at eit lite mindretal av søkjarane våre vil få alderspoeng dei ikkje får i dag.

Vår vurdering: På grunnlag av den ekstra belastninga dette vil føre til i sakshandsaminga, ønskjer ikkje UiB å støtte ei slik endring av forskrifta. Om endringa likevel blir innført, meiner vi det er naudsynt at CERES får ressursar til utvikling slik at vi ikkje mistar for mykje av gevinsten vi har fått med automatisk sakshandsaming.

Søknad om endring av opptaksforskrifta

I og med at den nye Likestillings- og diskrimineringslova som trer i kraft 1. januar 2018 opnar for lik særbehandling av kvinner og menn, søker UiB med dette om kvoteregulering for underrepresentert kjønn for tre av profesjonsstudia våre.

UiB søker med dette primært om ei endring av opptaksforskrifta si §7-3, om kvoteregulering. Eventuelt om ei endring av §7-9, tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønn, for eitt av studia.

1. Søknad om kvoteregulering for Profesjonsstudiet i psykologi

I høyringssvaret for 2016 (brev datert 27.09.16) søkte UiB om ei femårig forsøksordning med kvoteregulering for profesjonsstudiet i psykologi. UiB ønskjer å oppretthalde søknaden om:

- Ein kvote på 30% for menn ved opptak
- Ei nedre poenggrense for søkjarar i denne kvoten: 50 konkurransepoeng for førstegongsvitnemål og 60 konkurransepoeng for ordinær kvote
- *Sekundært:* Om det ikkje blir kvote, ønskjer UiB at mannlege søkjarar skal få 1 tilleggspoeng til dette studiet etter §7-9.

Eigne stipuleringar viser at kvoteregulering av plassar for det underrepresenterte kjønn, er det tiltaket som vil gje best effekt der det er mest naudsynt for å jamne ut skilnaden, i kvoten for førstegongsvitnemål. Det er også ein fordel at kvotering som tiltak mister effekten når ein passerer det måttalet som er satt i kvotereguleringa.

UiB ønskjer at ei forsøksordning skal gjelde frå opptaket 2018. Ordninga samsvarer med ordninga UiO har søkt om for tilsvarande studium, og er i tråd med anbefalingar frå Nasjonalt profesjonsråd for psykologiutdanning.

Utfyllande skildring av kjønnsrepresentasjonen på studiet og effekten ved kvoteregulering finst i brevet frå 2016.

2. Søknad om kvoteregulering for Medisinstudiet og Integrert masterprogram i odontologi

UiB søker om ei tilsvarande femårig forsøksordning for det underrepresenterte kjønnnet til Medisinstudiet og Integrert masterprogram i odontologi. Konkret søker UiB om:

- Ein kvote på 30 % for menn ved opptak
- Ei nedre poenggrense for søkjarar i denne kvoten: 50 konkurransepoeng for førstegongsvitnemål og 60 konkurransepoeng for ordinær kvote

UiB ønskjer at ei forsøksordning skal gjelde frå opptaket 2018.

Bakgrunn for søknad for medisin- og odontologistudia

Omsynet til studiemiljøet og samfunnsoppdraget vårt, er den overordna årsaka til at UiB ønskjer å søke om tiltak for det underrepresenterte kjønnnet for desse to studieprogramma.

Medisin- og odontologistudiet er profesjonsstudium som fører fram til autorisasjon som lege og tannlege. Studia har mange søkjarar og høge poenggrenser for opptak. På same måte som for andre profesjonsstudium, til dømes innan psykologi og rettsvitenskap, er det ei ubalanse i kjønnsfordelinga med ein høg del kvinner. Det høge talet på tilbod som blir gitt til kvinnelege søkjarar, blir gjerne forklart med at kvinnelege elevar får betre resultat i vidaregåande skule.

UiB har sett på kjønssamansetninga i opptaket til dei to studia heilt tilbake til 1998. Data frå DBH viser at delen mannlege studentar etter opptak har sokke i perioden, sjå figur 1 (vedlegg).

Medisinstudiet viser ein klar tendens til at delen menn bland nye studentar i perioden har sokke frå rundt 40% i 1998, til om lag 25% i 2016. Utviklinga for odontologistudiet var meir ujamn, men tala viser ei endring frå 45% menn i 1998 til rett under 30% i 2016. Odontologistudiet har likevel hatt den mest alvorlege ubalansen i enkeltår, til dømes var delen menn bland nye studentar berre 15% i 2014. Variasjonen frå år til år kan til dels forklarast med at odontologi berre har om lag ein tredel så mange studieplassar som medisin, og dermed er meir sårbar for svingingar.

UiB vurderer det som sannsynleg at utviklinga vil fortsetje om det ikkje blir sett til verks tiltak for ei betre kjønnsbalanse. Dette er uheldig av fleire grunnar.

For det første påverkar ein så stor ubalanse i kjønssamansetninga studiemiljøet negativt, både fagleg og sosialt. Både tillitsvalde og enkeltstudentar melder om at mannlege studentar kan finne det vanskeleg å sosialisere seg på studia.

- Mykje av undervisninga skjer i grupper og resultatet av ubalanse i kjønssamansetninga gjer at fleire grupper berre består av eitt kjønn.
- I demonstrasjon av kliniske ferdigheiter i medisinstudiet har studentane meld at mannlege vitskaplege tilsette kvir seg for å demonstrere teknikkar på kvinnelege studentar. Dermed blir ein liten del mannlege studentar ofte nytta som markør.
- Statusen til studia blir påverka av kjønnsbalansen, dette kan føre til at det blir rekruttert enno fleire kvinnelege søkjarar til studia.

For det andre påverkar fordelinga av kvinnelege og mannlege studentar samfunnsoppdraget til UiB som er å utdanne legar og tannlegar. Om utviklinga får fortsetje, vil det etter kvart bli utdanna få mannlege legar og tannlegar.

- Pasientar bør møte helsepersonell av begge kjønn, og sjølv kunne velje om dei vil gå til ein mannleg eller kvinneleg lege eller tannlege.
- Spesialistar innan medisin melder om sviktande rekrutteringsgrunnlag fordi deira fagområde ikkje er føretrekt av nyleg utdanna kvinnelege legar, eit døme er urologi. Eit anna døme er gynekologi som rekrutterer mange kvinner, men som grunna høg arbeidsbelastning opplever at kvinner i etableringsfasa fell frå. Ein større del menn i grunnutdanninga vil kunne motverke ei forverring på desse områda.

Studentane har også uttrykt at dei ønskjer ein auka kjønnsbalanse, både gjennom interne organ og i nasjonale representasjonsorgan. Norsk medisinstudentforening (NMF) har nyleg vedteke å støtte kvoteordningar for mannlege søkjarar til medisinstudia i Noreg. Initiativet er også grunna i omsynet til ei jamnare kjønnsfordeling bland helsepersonell.

Kvoteordning satt opp mot andre tiltak

I høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet blir det opna for å tildele eitt eller to tilleggspoeng til søkjarar frå det underrepresenterte kjønn. Ordninga skal berre takast i bruk om andre verkemiddel ikkje fører fram. Om tilleggspoeng fører til at overrepresentert kjønn blir diskriminert i for stor grad, kan ein i staden vurdere kvoteordning.

UiB meiner at ubalansen bland dei nye studentane ikkje kan skuldast at det finst for få kvalifiserte mannlege søkjarar. Statistikk frå DBH viser at ein tredel av dei kvalifiserte søkjarane for desse studia er menn. I absolutte tal hadde UiB i 2016 om lag 600 kvalifiserte mannlege søkjarar til medisinstudiet og 200 til odontologistudiet, nok til å fylle alle studieplassane. Mannlege søkjarar når likevel ikkje opp i konkurransen i like stor grad som kvinnelege søkjarar. Rekrutteringstiltak utover sjølve opptaksprosessen verker dermed å ha eit for lavt potensial.

Utrekningar UiB har gjort med tal frå opptaka i 2014-2016, viser at ei ordning med tilleggspoeng for mannlege søkjarar vil få uheldige utslag som vist i tabell 1 og 2 nedanfor.

Førstegongs-vitnemål	2014			2015			2016		
	0 poeng	1 poeng	2 poeng	0 poeng	1 poeng	2 poeng	0 poeng	1 poeng	2 poeng
Medisin	17,5 %	29,2 %	41,7 %	17,5 %	32,5 %	44,2 %	24,2 %	31,7 %	41,7 %
Odontologi	15,1 %	22,6 %	30,2 %	20,8 %	32,1 %	41,5 %	18,9 %	35,8 %	43,4 %

Tabell 1 – Delen mannlege studentar tatt opp ved med tilleggspoeng i kvote for førstegongsvitnemål, 2014-2016

Ordinær kvote	2014			2015			2016		
	0 poeng	1 poeng	2 poeng	0 poeng	1 poeng	2 poeng	0 poeng	1 poeng	2 poeng
Medisin	35,8 %	50,8 %	60,0 %	30,0 %	38,3 %	48,3 %	32,5 %	41,7 %	49,2 %
Odontologi	26,9 %	30,8 %	38,5 %	26,9 %	28,8 %	40,4 %	28,8 %	36,5 %	40,4 %

Tabell 2 – Delen mannlege studentar tatt opp ved med tilleggspoeng i ordinær kvote, 2014-2016

Både utrekningane og målet med kjønntiltaka talar mot ei ordning med tilleggspoeng. Ønsket om ei kvote for det underrepresenterte kjønnnet baserer seg på kollektive omsyn der målet er å sikre ei god samansetting bland studentane og det utdanna helsepersonellet, snarare enn å hjelpe fram søkjarar frå det underrepresenterte kjønnnet av individuelle omsyn. Utrekningane viser at vi for det første risikerer å gi opptak til ein forholdsvis stor del menn, i nokre tilfelle fleire menn enn kvinner. Dette er ikkje i tråd med dei omsyna UiB ønskjer å ta. For det andre ser vi at tilleggspoeng er ein meir uføreseieleg ordning, der kjønnsbalansen vil variere kraftig frå år til år, og mellom dei to kvotane. På grunnlag av dette meiner vi at ei kvoteordning er den klart beste løysinga for å nå måla om kjønntiltak på studia.

Grunnlag for ønskje om ei nedre poenggrense

Medisin- og odontologistudia er lange og krevjande. Studieplassane er tillegg prisa høgt og bør nyttast fullt ut, med minst mogleg fråfall. Det er derfor avgjerande at søkjarar som får opptak har dei naudsynte faglege føresetnadane for å meistre og fullføre studia.

UiB ønskjer derfor at det også blir satt ei nedre poenggrense for desse studia, med minimum 50 konkurransepoeng i kvota for førstegongsvitnemål og 60 konkurransepoeng i ordinær kvote. Utrekningar for fleire opptak viser at den reelle poenggrensa truleg vil vere fleire poeng høgare enn dette, sjølv med ei kvote for det underrepresenterte kjønnnet. Dei nedre poenggrensene bør likevel settast som minimumskrav for opptak.

Vi tar til etterretning at ordninga berre skal gjelde så lenge det er eit behov, og at ho blir innstilla når eller om tiltaka har gitt tilstrekkeleg effekt.

3. Kommentar

Om overrepresentasjonen av kvinner er tilsvarande høg framover, kan det ved eit seinare høve også bli aktuelt å søkje om kvoteregulering eller tilsvarande tiltak for Integrert masterprogram i rettsvitenskap.

Motivasjonsbrev

Som eit ledd i arbeidet med å hindre fråfall frå studia, ber UiB om at det blir opna for å stille krav om eit motivasjonsbrev der søkjarane må reflektere over grunnngje studievala sine. Innhaldet i desse breva tel ikkje ved opptak, men gjere søkjarens motivasjon og val av program tydeligare. UiB vurderer at dette vil bidra positivt til gjennomføring av studia våre.

Venleg helsing


Dag Rune Olsen
rektor

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

Vedlegg: Del manlege studentar av totalt opptatte, medisin og odontologi, 1998-2016

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Figur 1



Figur 1 - Andel mannlige studenter av totalt opptatte, medisin og odontologi, 1998 - 2016